

## PROTOKOLL FOR LANDSMØTET 2017

---

**TID:** 29.april kl. 14-17, 30.april kl. 9.30-13

**STAD:** Quality Hotel 33, Østre Aker vei 33, Oslo

### **Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjent

### **Sak 2 Namneopprop og godkjenning av fullmakter**

Oppropet dag 1 viste 76 representantar med røysterett

- 66 representantar frå medlemslaga
- 3 utøvarrepresentantar
- 7 representantar frå styret

Oppropet dag 2 viste 67 representantar med røysterett

- 57 representantar frå medlemslaga
- 3 utøvarrepresentantar
- 7 representantar frå styret

### **Sak 3 Val av møteleiar og protokollførarar**

Vedtak:

Møteleiarar: Ståle Lund og Ellen Persvold

Protokollførarar: Linda Dyrnes og Ingrid Schei Stuhaug

### **Sak 4 Val av to til å underskrive protokollen, redaksjonskomité og tellekorps**

Til å skrive under protokollen:

Rita Sirirud Vatnehol, Ålesund Spelemannslag

Asgeir Blaavarp Heimdal, Numedal Spel- og dansarlag.

Tellekorps:

Marta Lindvik, Hardanger Spelemannslag

Eivind Kjørstad, Sør-Fron spel- og dansarlag

Redaksjonskomité:

Lene Furuli, Laget for folkemusikk

Nils Øyvind Bergset, Bærum Spellemannslag

Hanne Moldver Salthammer, Møre og Romsdal Folkemusikklag

### **Sak 5 Årsmelding 2015 for FolkOrg.**

Helene Myklemyr Bolstad og Camilla Granlien la fram årsmeldinga for 2015.

#### Vedtak:

*Landsmøtet tek årsmelding 2015 til orientering, men oppmodar om å legge inn eit avsnitt om dommarseminar på Ål.*

### **Sak 6 Rekneskap 2015 for FolkOrg**

Hilde Reitan la fram rekneskap 2015.

#### Vedtak:

*Landsmøtet tek rekneskapen for 2015 til orientering.*

### **Sak 7 Årsmelding 2016 for FolkOrg.**

Helene Myklemyr Bolstad og Camilla Granlien la fram årsmeldinga for 2016.

#### Vedtak:

*Landsmøtet vedtek årsmelding 2016 slik den ligg føre, men med retting i feil i styresamansettinga.*

### **Sak 8 Rekneskap 2016 for FolkOrg**

Hilde Reitan la fram rekneskap 2016

#### Vedtak:

*Rekneskapen for FolkOrg 2016 vert godkjend.*

### **Sak 9 Melding frå tilsynsnemnda**

#### Vedtak:

*Melding frå tilsynsnemnda vert teke til orientering.*

## Sak 10 Tevlingsreglement - rangering, poengskala og munnlege attendemeldingar.

Per Øyvind Tveiten la fram sak om tevlingsreglement.

Handsaming:

Framlegg frå Veslemøy Fjerdingstad, Buskerud Folkemusikklag:

Kulepunkt 2 strykes

Det ble stemt over kvart punkt for seg. Punkt a) og c) vart samrøystes vedteke. Punkt b) vart sett opp mot framlegg frå Veslemøy Fjerdingstad. Framlegget hennar fekk to stemmer og fall.

### Vedtak:

- a) Alle klassene på Landskappleik og Landsfestival i gammaldansmusikk skal rangerast fullt ut, med unntak av pardans på Landsfestivalen i gammaldansmusikk og open klasse på begge arrangementa.
- b) Tilbodet om dommarkommentarar til C-klassingane/juniorane vert ikkje vidareført.
- c) Den nye poengskalaen vert ført vidare for alle klassene på begge arrangementa.

## Sak 11 Gjennomgåande medlemsskap – endring i vedtekter

Thor Hauknes la fram sak om gjennomgåande medlemsskap.

### Vedtak:

- a) Styret tilrår landsmøtet å gå attende til gjennomgåande medlemsskap i FolkOrg, men likevel med ei områdingstid på inntil 3 år for dei områdelaga det gjeld.
- b) Ny formulering i § 3: § 3 Medlemskap  
Grunnlaget i organisasjonen er medlemmer i lokale lag, faglag, og gruppa av yrkesutøvarar. Lokale lag er geografisk knytte til eit område. Faglag og gruppa for yrkesutøvarar har aktivitet på tvers av geografiske område.

Alle medlemmer i lokale lag og faglag som er tilslutta organisasjonen, er medlemmer i organisasjonen og eventuelt områdelag i sitt distrikt. Faglag kan ha personlege medlemmer som ikkje er medlemmer av FolkOrg, men dei får ikkje rekne utsendingar til landsmøtet for fleire enn dei som er medlemmer. Faglag kan også ha institusjonar som medlemmer, og slike faglag har eit fast tal på utsendingar til landsmøtet.

Alle lag som arbeider i samsvar med føremålsparagrafen, kan takast opp som medlemmer i organisasjonen.

Med yrkesutøvar meiner ein utøvarar som har inntekt av folkemusikk og/eller folkedans.

Einskildpersonar som ikkje står tilslutta noko lokallag eller faglag, kan melde seg direkte inn i organisasjonen.

Styret kan stryke medlemmer som arbeider mot føremålet eller på annan måte skader organisasjonen. Styrevedtak om dette kan ankast inn for landsmøtet.

- c) Ny formulering i § 4: Lokale lag kan samarbeide distriktsvis gjennom områdelag. Alle lag tilslutta eit områdelag som er innmeldt i organisasjonen, skal vere tilslutta organisasjonen.

## **Sak 12 Langtidsplan for FolkOrg, med særskilde satsingar for perioden**

Per Øyvind Tveiten la fram Langtidsplan for FolkOrg

### Vedtak:

Landsmøtet vedtek langtidsplan for FolkOrg med særskilde satsingar for perioden slik han ligg føre.

## **Sak 13 Fastsetjing av medlemspengar**

Tove Leinslie la fram sak om medlemspengar.

### Vedtak:

Medlemspengar for 2019 vert sett til kr 290 for vaksne, og kr 100 for born.

## **Sak 14 Revidert budsjett 2017**

Hilde Reitan la fram sak om revidert budsjett 2017.

### Vedtak:

Landsmøtet vedtek revidert budsjett 2017 slik det ligg føre.

## **Sak 15 Budsjett 2018**

Hilde Reitan la fram sak om budsjett 2018.

### Vedtak:

Landsmøtet vedtek budsjett 2018 slik det ligg føre.

## **Sak 16 Budsjett 2019**

Hilde Reitan la fram sak om budsjett 2019.

### Vedtak:

Landsmøtet vedtek budsjett 2019 slik det ligg føre.

## **Sak 17 Oppnemning av revisor**

### Vedtak:

BDO AS blir oppnemnd som revisor for FolkOrg i 2017 og 2018.

## **Sak 18 Val**



Linda Dyrnes la fram valnemnda sitt framlegg.

Handsaming:

Framlegg frå Nils Øyvind Bergset, Bærum Spellemannslag:

*Landsmøtet velger ikke tilsynsnemnd for perioden 2017-2019.*

Det vart stemt over det framlegget først. Framlegget fekk 22 stemmer for, og fall.

Landsmøtet stemde så over framlegg frå valnemnda og styret. Valet som heilskap vart vedteke samrøystes.

Vedtak:

**Styret:**

**Leiar:**

Hilde Reitan	2 år	Ny
--------------	------	----

**Nestleiarar:**

Helene Myklemyr Bolstad	2 år	Attval
-------------------------	------	--------

Camilla Granlien	2 år	Attval (repr. yrkesutøvarar)
------------------	------	------------------------------

**Styremedlemmer:**

Thor Hauknes	2 år	Attval (styremedlem i førre periode)
--------------	------	--------------------------------------

Kjellbjørn Karsrud	2 år	Ny (3.vara i førre periode)
--------------------	------	-----------------------------

Kristian Ihle Hanto	2 år	Ny
---------------------	------	----

Silje Solberg	2 år	Ny (repr. yrkesutøvarar)
---------------	------	--------------------------

**Varamedlemmer til styret:**

1. Thomas Nilssen	2 år	Ny
-------------------	------	----

2. Helene Høye	2 år	Ny
----------------	------	----

3. Ole Erik Feragen	2 år	Ny
---------------------	------	----

**Fagutval for yrkesutøvarar 2017-2019:**

Ingebjørg Lognvik Reinholdt	2 år	Ny
-----------------------------	------	----

Britt Pernille Frøholm	2 år	Ny
------------------------	------	----

Ole Nilssen	2 år	Ny
-------------	------	----

**Tilsynsnemnd 2017-2019:**

Arne M. Sølvsberg	2 år	Attval
Tor Stallvik	2 år	Attval
Randi Skeie	2 år	Ny


**Valnemnda 2017-2019:**

Aslak Brimi	2 år	Attval
Torunn Raftevold Rue	2 år	Attval
Jan Kåre Bjørkås	2 år	Ny

**Protokollen er godkjend:**



Rita Sirirud Vatnehol



Asgeir Blaavarp Heimdal